

---

**Referent:** Ann Kristin Nes**Dato** 24.04.2020

---

<b>Emne:</b>	Referat frå møte mellom VLFK og Sunnfjord kommune 20.02.20	
<b>Til stades:</b>	Odd Harry Strømsli- leiar Areal- og byggesak Sunnfjord kommune Ole John Østenstad – kommunedirektør Sunnfjord kommune Truls Folkestad – Sunnfjord Kommune Øyvind Bang- Olsen – Kommunalsjef, Sunnfjord kommune Susanne Aasen- VLFK John Martin Jacobsen – VLFK Ann Kristin Nes – VLFK	
<b>Forfall:</b>		<b>Sak:</b> 2020/48757 - 1
<b>Møtetid:</b>	20.02.20	Møtestad:Førde, rådhuset Sunnfjord kommune

**Møteleiar: Ann Kristin Nes**

Bakgrunn for møtet:

Fjaler og Gaular kommune har forskotert planarbeid for ny Fv. 57 mellom Storehaug og Setenes. Det har vore utgreia bompengepotensialet for strekninga. Dette vart stemt ned i Gaular kommune. Kvar kommune har delt sin del av plan arbeidet i 2:

Setenes – Strandanes

Nistadli- Strandanes

Båtevik – Perhaugen

Perhaugen - Storehaug

Gaular kommune har vedteke planen mellom Storehaug og Perhaugen. Norconsult jobbar no vidare med planen mellom Båtevik og Perhaugen. Sett i ettertid har det ikkje vore lett å gå rett på reguleringsplan her. Planen burde vore starta som kommunedelplan der ein fekk fastlagt endeleg trase. I planarbeidet har ulike trasear for utgreia. Det er og laga ein silingsrapport mellom ulike alternativ. Det er kun sett på alternativ med kryssing av Svesundet med brua. Bakgrunn for dette er ein eldre rapport frå SVV som fann denne traseen mest samfunnstjeneleg. Det er og søkt om fråvik på rundkøyring i tunell i Båtevik. Dette var godkjent i region Vest (SVV) før jul, ligg no til sikkerheitsgodkjenning i vegdirektoratet.

Vegen vidare:

Ein ser at dei ulike løysingane som er sett på vert dyre. I tillegg vert det stilt spørsmål om det kan vere andre alternativ enn over Svesundet som kan vere både tjenelege og rimelegare. Ska skal handsamast på nytt av Sunnfjord kommune. Før dette er ein einige om at vi bør ha eit nytt møte der og Arne Kringlen, prosjekteiar i Norconsult bør delta. Han kan gje meir utfyllande informasjon om kva vurderingar som er gjort og kva mogelegheiter dette gjev. VLFK vil vurdere om det skal startast ein kommunedelplanprosess der ein tek med seg fleire alternativ for strekninga. Sunnfjord kommune kallar inn til nytt møte.